



NR 1, 2024 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 92. ÅRG

I dette nummeret  
kan du lese om:

- Verdiåret 2024
- Påskefeiring
- Ny diakon i  
prestestilling
- Takk til Gerda  
Otterstein

*God påske!*



Altartavla i Vadheim bedehusapell. Foto: Andreas Ester

## HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

**Layout:** Stig Jonny Fitje

## Pengegaver vert mottekne med takk!

**Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593**

**Trykk: Printfarm AS**

## Kvar er kyrkja?

Det er eit spørsmål ein ofte høyrer i samband med dagsaktuelle spørsmål.

Forventa svar vil nok vere svært avhengig av ståstaden til den som spør.

Det sentrale er likevel at det som vert etterspurt betyr noko for spørjaren.

Det ser me tydeleg ved dramatiske hendingar i livet; ved større ulukker, eller når nokon av våre næraste går bort, som er noko me alle vil oppleve før eller sidan.

Då er fellesskapen i kyrkja noko mange søker. Kva skjer så etterpå?

Der har me alle ei utfordring – me har ei diakonal oppgåve i bygdene våre.

Diakon er opprinneleg ein tenar som utøver omsorgsarbeid.

I si enklaste form kan me alle vere det. Me kan oppsøkje dei me ser har det vanskeleg, ta med blomar og bollar, drikke ein kopp kaffi, eller gå ein tur saman –

kort sagt: berre vere der for dei. Du treng ikkje lese lange tekstar eller halde preike.

Møter me mennesket der det er, vil me òg oppleve at kyrkja er viktigare for mange enn me kanskje trur. Soknerådsmedlemer, som tidvis har gått med blomar til avlidne sine næraste pårørande, har opplevd dette fleire gonger. Dette er kvardagsdiakoni.

No er me så heldige at me har fått diakon i ei kyrkjeleg stilling hjå oss – gledeleg !

Redaksjonen

[www.kyrkja/hoyanger/](http://www.kyrkja/hoyanger/)  
[www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/](https://www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/)  
[www.instagram.com/kyrkjai/](https://www.instagram.com/kyrkjai/)

### Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thranes gt.3. Pb. 159  
 6991 Høyanger  
 Telefon: 57 71 41 00  
[post.hoyanger@kyrkja.no](mailto:post.hoyanger@kyrkja.no)

### Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik  
 Telefon: 57 71 41 00  
[post.hoyanger@kyrkja.no](mailto:post.hoyanger@kyrkja.no)

### Adm. sekretær: Ali Kharrat

Jobbmobil: 404 58 649  
 E-post: [MK549@kyrkja.no](mailto:MK549@kyrkja.no)

### Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø  
 Mobil: 917 13 275  
 E-post: [knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no](mailto:knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no)

### Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik  
 Mobil: 452 21 737  
 E-post: [AE639@kyrkja.no](mailto:AE639@kyrkja.no)

### Diakon i prestestillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik

Inger Cesilie Fitje, 5962 Bjordal  
 Mobil: 908 94 788  
 E-post: [GS533@kyrkja.no](mailto:GS533@kyrkja.no)

### Kyrkjeverje: Stig Jonny Fitje

Kyrkjekontoret i Høyanger  
 Mobil: 917 63 803  
 E-post: [SF729@kyrkja.no](mailto:SF729@kyrkja.no)

### Kantor: Permisjon

### Leiarar av sokneråda:

Høyanger: Vidar Myren 913 11 283  
 Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 994 94 745  
 Lavik: Toril Lange 91 68 94 59  
 Bjordal. og Ortnevik:  
 Camilla M. Ådland 481 10 684

### Leiar kyrkjeleg fellesråd:

Sturla Bell Fossen 994 94 745

### Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 993 98 497  
 Kyrkjebø og Vadheim:  
 Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977  
 Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912  
 Bjordal: vakant  
 Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

**KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40**

## Faste og «Glad Påsk!»

Når eg skriv dette er det midten av februar. Sjølv om dagane er begynt å bli lengre, er det framleis vinter og mørketid. Og det er fastetid. Tida før påske der vi førebur oss til det som ligg framom, til påske. I fastetida har vi lilla som liturgisk farge. Fargen for anger, bot og sorg, men også for forventning og førebuing. Har du tenkt på at lilla er ei blanding av raud og blå; raudt for jorda og blått for himmelen - himmel og jord møtest! Tema, tekstar, musikk og salmar er litt mørkare i fastetida, og vi førebur oss til påske gjennom fokus på kampen mot det vonde i oss og rundt oss, og ikkje minst; fokus på han som gav seg sjølv for oss.

I det daglege vil nok dei fleste tenkje på det å faste som det å la vere å ete, og det siste året har vi høyrte mykje om ulike typar faste som skal vere bra for kroppen – særleg nattfaste og kor lang denne bør vere, har vore ivrig debattert. Faste i den samanheng som vi her snakkar om det er derimot verken det å la vere å ete eller spesielle liturgiar, men konkret handling for rettferd, fred og fridom, slik vi les hos profeten Jesaja:

*«Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund, dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus. Du skal sjå til den nakne og kle han, du skal ikkje snu ryggen til dine eigne.» (Jesaja 58,6-7)*

Fastetid er også aksjonstid, nærare bestemt fasteaksjon. Tema for fasteaksjonen 2024 er «Håp i ein droppe vatn». Reint vatn betyr ALT for han eller

ho som ikkje har det. Å støtte Kirkens Nødhjelp som bøsseberar eller gjevar er derfor djupt meiningsfullt. Svoltne får brød, tørste får vatn og undertrykte får fridom og tru på framtida.



Foto: Ressursbanken

I Kirkens Nødhjelp si regnbogebøn heiter det; «og minn oss dagleg om at vi er dine hender og føter.» Vi er skapte til å vere Gud sine hender og føter – det gjev dimensjonar og perspektiv over livet og kvardagen! Trygve Skaug har sett ord på noko av dette i eit dikt han har skrivne om palmesøndag:

*For sånn tror jeg at du er Gud  
der du kommer uten spetakkel  
sittende lavt med beina subbene i bakken  
på vei inn i livet mitt  
for jeg tror det stemmer det  
du er nok ikke en jeg får øye på  
hvis jeg bare myser  
oppover.*

Vi er Gud sine hender og føter, og vi blir utfordra til konkret handling; til å sjå nedover. Samstundes er det ikkje vårt eige strev som fører oss til Gud. Trua er ei hand som blir rekt oss frå Gud, og opne hender som tek i mot. Dette er det påska handlar om og vi kan, som svenskane, juble; «Glad påsk»!

Inger Cesilie Fitje

## Jesus i hagen Getsemane – på altaret i Vadheim

Altaret i Vadheim bedehuskapell viser Jesus i hagen Getsemane. Biletet er ein kopi etter den tyske målareren Heinrich Ferdinand Hofmann (laga i 1886), originalen blei gitt i gåve frå John D. Rockefeller til den monumentale nygotiske katedralen Riverside Church i New York i 1930. På grunn av dette opphavet blei måleriet til det truleg mest kopierte i heile kunsthistoria. Motivet Jesus i Getsemane var enormt populært som altarbilete seint på 1800talet og tidleg på 1900talet, også i Norge. Vi finn fleire eksemplar i nærområdet, m.a. i kyrkja på Kyrkjebø.

Figuren til Jesus er sentralt plassert, store parti er i mørke fargar, berre ansiktet og overkroppen blir teatralisk opplyst frå det kraftige lyset som kjem ned frå himmelen. Rundt hovudet er det i tillegg eit glorieskin slik som mellomalderen kjenner. I bakgrunnen skimtar vi så vidt læresveinane og byen Jerusalem.

Jesus er vist frå sida slik at vi ser kroppshaldninga nøye. Han kneler framfor ei stor steinblokk, overkroppen er oppreist, armene er strekt vekk frå kroppen og lagt flatt på oppsida til steinen. Hendene er bretta, fingrane viser i retning vekk frå kroppen og er nærast fletta i kvarandre. Kroppen gjev uttrykk for indre samling og konsentrasjon. Hovudet er heva og lyfta med ansiktet mot himmelen, auga er retta dit det viser seg eit lyst område i skydekket som representerer Gud,

Faderen. Ansiktstrekka er prega av alvor, men heilt rolege, utan teikn av spenning, angst eller tvil.

Kristus i Getsemane er ein nøkkelaugneblink i pasjonsveka. Det var kvelden før han døydde, etter den siste nattverden og før Jesus blei teken til fange. På mange måtar «point of no return». «Han vart gripen av angst og gru og sa til [læresveinane]: Mi sjel er sorgtyngt til døden.» (Mark 14, 33f) Men måleriet vel bevisst ikkje å vise den dramatiske kampen dei 3 første evangelia fortel om, då Jesus i emosjonell opprør

roper til Gud: «Abba, Far! Alt er mogleg for deg. Ta dette begeret frå meg!» (v. 36a) Men vi ser Jesus etter at kampen er vunne og fatninga attvunne. «Men ikkje som eg vil, berre som du vil!» (v 36b). Han må kjempe kampen åleine med seg sjølv, berre i kommunikasjon med Faren i himmelen. Engelen som altaret på Kyrkjebø har, finn vi ikkje her, den blir nemnt berre hos Lukast (22, 43) og

ikkje hos Markus og Matteus. Ein Jesus som er sårbar og menneskeleg og samstundes viser stor styrke i trua, er klar for å ofre seg sjølv for oss. Offeret på krossen har ikkje skjedd enno. Men den indre sigeren er allereie eit faktum. Vi blir invitert til å sjå på påskemirakelet på ny.

Andreas Ester sokneprest








Foto: Terje Peersen, Bildebanken

## Min påskesalme

Henny Aarseth er 87 år og bur på Kyrkjebø.

Ho vart spurt om ho hadde ein påskesalme ho lika godt, og om ho ville skrive litt om den i Helgestunder.

Den utfordringa tok ho på strak arm, og skreiv slik:

Eg har alltid vore glad i gamle salmar. På barneskulen hadde me alltid song kvar måndag i siste time.

Der song me mange songar. No var det snart påske 1949, og me fekk i oppgåve å lære songen:

Han er oppstaden, dyre ord!

Det er ein fin salme som eg er blitt svært glad i.

Han var vanskeleg å finne slik me lærde den. Fann han i mor si gamle salmebok;

Foto: Bildebanken



Nynorsk salmebok frå 1930 på nr 269. Med tone: Or høgdi ned i verdi skin. (Av høiheten)

*Han er oppstaden!  
Dyre ord!  
No Gud er fullnøgd,  
soning gjord,  
Og himmelen er open.  
Min Jesus ved sin daude braut  
Dei piler dauden mot meg skaut.  
Og knasa myrkheims våpen.  
Å røyst,  
Mi trøyst!  
Då med siger  
Upp han stiger,  
Helheim rivnar.  
Han var død,  
men sjå,  
han livnar!  
Etter Birgitte Boye ved Blix*

Ynskjer alle ei god påskehelg!  
Henny Aarseth

(Salmen finn ein att i Norsk salmebok av 2013 på nr 193, med litt anna ordlyd.)



## Kristenretten 1000 år og verdisamtaler i Høyanger

### Olav Haraldsson og Moster 1024

I år kan vi markere eit jubileum av proporsjonar: 1000årsjubileet til kristenretten. For 1000 år sidan, i 1024, la Olav Haraldsson, som skulle bli Olav den Heilage, på Moster fram Kristenretten for heile Norge. Dette var del av samlingsprosessen hans og den første landsdekkande lovgjevinga. Moster blei valt på grunn av den sentrale plasseringa i skipsleia på Vestlandet og for å vere symbol på at retten skulle gjelde i heile landet. Olav, født i 993, var krigar, vikinghøvding og ein slags leigesoldat i store delar av livet sitt. Han hadde lengre opphald på den engelske øya og i den normanniske «kolonien» i Frankrike. På desse stadene var han blitt kjent med den europeiske kulturen, kongens sentrale rolle og kristendomen som samlande felles livssyn. Mest truleg i 1014 let han seg døype i katedralen i Rouen. Med lovfestinga av kristenretten på Moster blir både kongemakta og statskyrkja etablert.

### Ein verdirevolusjon

Kristenretten gjorde slutt på verdiane i det gamle norske samfunnet ved å framsette eit nytt sett verdiar og rettsnormer. Rettssystemet hittil var bygd på tradisjon, makt og slektsband. Store delar av befolkninga var meir eller mindre rettslause eller prisgitt herrane sine. Sentralt i kristenretten var å binde makta og retten mot verdiane og lovverket. At alle skulle behandlast likt: for eksempel bli døypt og gravlagt på akkurat same måte. Og kongemakta begrensar seg sjølv. Dette var ein revolusjon i samfunnet. Gro Steinsland, leiande religionshistorikar om norsk mellomalder, skriv: «På Moster ble kristendommen proklamert som eneste tillatte religion i landet, og her ble de grunnleggende reglene for rett kristenliv fastsatt i lovs form. Kristningsvedtaket har vært en så skjellsettende begivenhet at man regnet ny tid etter det.» Og rettshistorikaren Jørn Øyrehagen Sunde bekreftar: «Opplesinga av Kristenretten på Moster endra Noreg for all tid.»

## Innhaldet i kristenretten

- *Ein stor del reglar handlar om kyrkja si rolle i samfunnet (finansiering, kyrkjebygg, prestar) og om livet som kristen (dåp, gravferd, faste m.m.).*

Men Kristenretten er langt frå berre kyrkja sine lovar. Ei lang rekke reglar endrar samfunnet heilt grunnleggjande:

- *Forbod mot blodhemn og drap på vikingtokt,*
- *forbod mot utbering av uønskte, nyfødte barn,*
- *kvart år på Gulatinget blei ein trell gitt fri: prinsipiell oppheving av slaveriet,*
- *omsorg utanom slektsband,*
- *etablering av kongen som sentralmakt.*

## Verdisamtaler: Forme framtida

I 2024 er samfunnet radikalt endra på ny. Statskyrkja er avvikla sjølv om Den norske kyrkja framleis er forankra i grunnlova. I 1000 år har kristen etikk prega dette landet.



Individuelle menneskerettigheter kom inn i grunnlova og la grunnlag for det fleirkulturelle samfunn vi har i dag.

Det er ikkje kyrkja sitt jubileum.

Jubileumsveka er frå 29. mai – 2. juni. Både barne- og familieminister Kjersti Toppe og statsminister Jonas Gahr Støre vil delta. Den norske kyrkja vil ta initiativ til verdisamtaler i heile landet om framtida i samfunnet vårt, både sentralt og lokalt.

- *Kva verdier vil vi vektleggje i 2024 og framover?*
- *Korleis kan vi samle oss om berande verdier i eit demokratisk, livssynsøpe samfunn?*

Dette er spørsmål som er ytterst relevante for Høyanger-samfunnet i 2024. Vi håper å få til spanande verdisamtaler fleire stader i Høyanger med representantar frå heile lokalsamfunnet.

## Møster 2024 på nettet

Fullstendig program og mykje spanande informasjon er tilgjengeleg på nettsida: <https://moster2024.no>

Blant anna finn ein ein ny underhaldande og opplysende miniserie om «Hendelsen som forandret Norge» som Thor Haavik er programleiar for.

Andreas Ester sokneprest





## KIRKENS NØDHJELP

actalliance

### Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe nokon.

I ei tid med så stor lidning i meiningslause krigar, samstundes som vi har klima- og miljøkrise, kan vi lett bli motlause og tenkje at vi ikkje kan gjere noko som viser att og har noko å seie for menneska som lid.

Då er det godt at vi får hjelp til å nå ut gjennom at vi kan gje pengar.

Kirkens Nødhjelp er kyrkja sin forlenga arm ut i verda. Med lokale tilsette i over 30 land kan KN komme raskt i gang med naudhjelp i tillegg til det langsiktige utviklingsarbeidet dei har. Gjennom kyrkjeleg nettverk er KN til stades i 130 land. Samarbeid med lokale partnarar gjer det mogeleg med rask respons når kriser og katastrofar skjer. Ofte er det trong for vatn, varme teppe og hygieneartiklar.

I Gaza har KN hjelpt med vatn og mat til palestinarar i samarbeid med andre hjelpeorganisasjonar. Det har vore utdeling av varme måltid og matvarepakkar med mjøl, linser, bønner, ris, pasta, olje og vatn som flyktningane lagar måltid av. Den store utfordringa her er jo at ein vert hindra frå å komme inn i landet, sjølv om folk er i ein katastrofal situasjon og mange svelt og manglar vatn.

I Ukraina har KN lokalt kontor i samarbeid med Den danske folkekirken, der dei koordinerer hjelpearbeidet. KN sin

kompetanse når det gjeld rehabilitering av vass-system kjem godt med her.

Fasteaksjonen gjev Kirkens Nødhjelp økonomi til å gå raskt inn i hjelpearbeidet.

Sidan 80-talet har konfirmantane gått med bøsse frå dør til dør. Også i år har alle sokna ein fasteaksjon der konfirmantar og andre frivillige går med bøsse. Vi kan gje ei gåve anten i kontantar eller på vipps.

Dugnadsånda og gjevargleda som kjem til syne gjennom fasteaksjonen er med å skape håp og endring verda over. Saman gjer vi ein forskjell! SS



Foto: Toril Lange

Lavik-konfirmantane klare til fasteaksjonen

Dersom du ikkje har fått gitt til fasteaksjonen, er det framleis høve.

Vipps til 2426

Kontonummer 15942287246

Kjære Gud, takk for at du har gjeve oss evnen til å håpe. La oss bruke håpet til å skape forandring i oss og rundt oss. Gje oss mot til å ta vare på skaparverket ditt også når det kostar. Gje krefter og kreativitet og heilagt utolmod. (Regnbøgebøn frå KN)





# Barnas



## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Per hadde fått nye briller, og mor hans spurde han:  
 – Ser du bra med dei nye brillene, Per?  
 – Ja, pappa!

**Vitsar**  
 To nåler sat på ei benk og kjeda seg. Så sa den eine:  
 – Kom, så stikk vi!

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller **22 08 71 00**



## Finn fem feil



Her viser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?



Teikning: Faye Simms

## Kryssord

- |    |                      |                                    |
|----|----------------------|------------------------------------|
| 1. | <input type="text"/> | Bygning i Apostelgjerningane 15,16 |
| 2. | <input type="text"/> | Konge i Matteus 2,3                |
| 3. | <input type="text"/> | Dyr i Matteus 21,2                 |
| 4. | <input type="text"/> | By i Apostelgjerningane 18,1       |
| 5. | <input type="text"/> | Konge i Romarane 4,6               |
| 6. | <input type="text"/> | By i Lukas 7,11                    |
| 7. | <input type="text"/> | Stilna i Matteus 14,32             |
| 8. | <input type="text"/> | Kvinne i Johannes 20,11            |

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

## Gerda – ny kantor i Kragerø

Kragerø er ein fin plass for ein kyrkjemusikar, med god gudstenestedeltaking og med eit variert og aktivt musikkliv, det seier Gerda Otterstein, som flytta frå Høyanger og busette seg i sørlandsbyen. Ho er no tilsett av Kragerø fellesråd som kantor i 100% stilling.



kristenliv. Her er det ein rik flora av kyrkjesamfunn og organisasjonar. Det er pinsevenner, metodistar, baptistar, Frelsesarme og mange fleire, men vi har ein venleg sameksistens der ein støttar kvarandre og samarbeider. Ein gong i året er

- Kan du beskrive arbeidsoppgåvene dine i Kragerø?

Det er to hovudoppgåver. For det første er eg ansvarleg for musikken til gudstenester og kyrkjelege handlingar i Kragerø sokn, der det er ei kyrkje. Og for det andre er eg dirigent for Kragerø Kantorikor, med ca. 50 medlemmer. Koret deltek i gudstenester knytt til dei store høgtidsdagane i kyrkjeåret og har elles nokre konsertar. Songarane er ikkje profesjonelle, men ganske gode amatørar. Når det gjeld gudstenestene, så har soknerådet nedsett eit gudstenesteutval som saman med kantor planlegg innhaldet i gudstenestene, også det musikalske, for eit halvår om gongen. Vi opplever at det er minimum 25 framømte til gudstenestene, men med eit snitt på rundt 50.

- Korleis er det kyrkjeleg miljøet samanlikna med Høyanger?

Det er eit mykje meir aktivt miljø med mange friviljuge medarbeidarar og sokneråd som kjem med klåre bestillingar til dei tilsette. Og så er det eit mangfoldig og variert musikkliv og



det økumenisk fellesgudsteneste der alle kyrkjesamfunna kjem saman til feiring med stor deltaking. Når det gjeld musikken, så har fellesrådet tilsett 3 kantorar. Eg i 100% og dei to andre, som arbeider i dei to andre sokna, i 80% kvar, totalt altså 260% stilling. Dette gjer at ein vert eit fint musikalsk team.

Gerda fortel elles at det har vore så mykje snø i vinter at ho har nytta fritida mest til å lese, først og fremst har ho fått dyrka si interesse for filosofi og studert skrifter til dei gamle greske filosofane, slik som Platon og Aristoteles. Ho har opplevd det enkelt å kome i kontakt med opne og vennlege menneske i Sørlandsbyen. Ektemannen Bjørnar har vore mykje på Vestlandet, for det står att å selje huset i Høyanger. Der er det framleis ein del arbeid å gjere for å klargjere eigedomen for sal.

Vi ønskjer Gerda lukke til med musikktenestene i Kragerø kyrkjelyd.

Geir Sørebo

### Gerda Otterstein

Kom frå Litauen mars 2008 og vart tilsett i 70% stilling som kantor 1.april 2008. Ho arbeidde som organist saman med Tony Rozendaal.

I åra som følgde tok ho meir utdanning ved sida av jobben.

Då det vart ledig stilling frå og med 1.september 2017, vart stillinga auka til 100%

## Konfirmantleir på Alværa

Siste helga i januar var konfirmantane frå Høyanger og Hyllestad samla til konfirmantleir på Alværa. Nærare 40 konfirmantar og 4 leiarar var i lag frå fredag til søndag, og vi hadde aktive og innhaldsrike dagar i lag. For ein del av konfirmantane var det heller ikkje berre dagane som var aktive.. Stor takk til foreldre som stilte opp som nattevakter, og gjorde at dei fleste konfirmantane i alle fall fekk nokre timar søvn i løpet av helga. At det var ein del trøytte niandeklassingar som møtte på skulen måndag, reknar vi derimot med!

Jens Friis og Toril Lange hadde ansvar på kjøkkenet, og serverte både pizza, taco og graut. Takk for god mat og god service! At Toril hadde kjøpt inn varer til kiosken, var ein del av denne servicen.

Etterjulsvinteren har vore prega av mykje ver; kulde, vind, snø og regn. Dette prega også konfirmantleiren, og uteaktiviteten som var planlagt laurdag vart derfor noko amputert. Ein spasertur til fjorden og badebukta vart det derimot, og her let nokre av konfirmantane seg utfordre til eit vinterbad!

Tema for leiren var «Jesus som ven». Gjennom leiren såg vi nærare på kva dette betyr for oss i dag, og om vennskap mellom oss som menneske; korleis vi kan ta vare på kvarandre og støtte kvarandre? Eller som vi song i ein av songane vi øvde på denne helga:

Lean om me  
When you`re not strong  
And I`ll be your friend  
I`ll help you carry on



Foto denne sida:  
Runar Matsui-Li

Laurdag fekk vi besøk av Harald Dahlstrøm. Harald er musikar, og har vore mykje brukt på gudstenester og andre samlingar i kyrkja i Høyanger siste halvåret. Saman med Harald hadde vi

ein time med song og øving til gudstenesta. Vi kan ikkje melde at songen fekk taket på Alværa til å lette seg, men det var flott og stemningsfullt med pianomusikk – takk til Harald som tok turen frå Høyanger denne ettermiddagen! Harald var også med på gudstenesta på Alværa søndag.

Gudstenesta markerte avslutninga av konfirmantleiren, og mange foreldre hadde teke turen til Alværa denne dagen. Fleire av dei hadde med kake til kyrkjekaffien, og etter gudstenesta

var det tid for kaffi, saft og kaker i matsalen. Takk til alle som kom og for det dei hadde med!

Vi takkar konfirmantane for fine dagar i lag, og konkluderer med at vi har ein flott gjeng med konfirmantar i Høyanger og Hyllestad i 2023/2024!

Runar, Andreas, Heike og Inger Cesilie





## Ein gledesdag



Foto: Kjersti Søreide

7. januar vart diakon Inger Cesilie Fitje innsett i den ledige prestestillinga i Lavik og Bjordal & Ortnevik sokn. Prost Knut Magne Nesse har i lang tid arbeidd for at dette kunne bli ei løysing, sidan det ikkje kom søkjarar ved utlysinga av prestestillinga. Bispedømmet har godkjent eit 3-årig prosjekt, og Inger Cecilie som er tilsett i 80%, vil også

ha nokre diakonale oppgåver i resten av Høyanger kommune. Til gudstenesta i Bjordal kom det representantar frå alle fire sokneråda. Soknerådsleiar Camilla



Merkesvik Ådland las opp tenestebrev frå biskopen, og det vart halde forbøn for den nye medarbeidaren. Det er med glede vi har teke imot Inger Cesilie, og vi ser fram til samarbeidet i åra som kjem.

Foto: Irene Aase Aarseth

## Bjordal og Ortnevik sokn

### «Liv og lyst» i Bjordal

Dette var tema då soknerådet heldt sitt årsmøte i Gamlebanken. Etter suppe og kaffi/kake informerte

Terje Søreide om Sørsida utvikling, Oslandsfondet og LivOgLyst-prosjektet for positiv

bygdeutvikling. På Sørsida har ein fått til mykje ikkje minst gjennom engasjerte næringsutviklarar. Kva er det som gjer eit lokalsamfunn attraktivt? Kva kan vi i kyrkjelyden bidra med for å få eit meir inkluderande fellesskap overfor nye innbyggjarar? Dei framkomte kom med gode idear som ein kan arbeide vidare med. Camilla



Begge bileta: Kjersti Johansen Søreide



Merkesvik Ådland hadde ei var og fin framføring av songen «Midt i mørket», som er blitt kjent gjennom artisten Marthe Vang. Avgått soknerådsleiar, Sissel Sørebø, og kasserar Liv-Gunnbjørg Søreide orienterte om arbeidet i kyrkjelyden i 2023.



## Påskesamlingar

Onsdag 27. mars er det påskesamling for små og store i Ortnevik kyrkje kl. 17 v/Inger Cesilie Fitje, Anders Brekke m.fl. Der vil ein også kunne studere og oppleve kunstplakatar med påskemotiv. Etter samlinga blir det opent bibliotek og kyrkjekaffi i Ortnevik Grendehus. Påskedag kl. 16.00 blir det høgtidsgudsteneste i Bjordal v/Inger Cesilie Fitje. Det blir solosong v/Aud Marit Bjordal og Peter Jobbagy vil spele. Då kan vi alle vere med å syngje dei glade påskesongane og feire Jesu oppstode.

## Velkommen til T-klubb

i Gamlebanken i Bjordal for skuleborn tysdag etter skuletid 9. april og 28. mai.

## Friluftsgudstenester

Mange er glad i gudstenestene ute i sommarhalvåret. Difor arrangerer vi tre slike opplegg i år: 2. juni på dagsturhytta (eldre kan køyre opp), 7. juli på Søreibø og olsksamling 29. juli på Sande.

## Dagsturhytta

I nov. vart den nye dagsturhytta på Åsenutsikta på Søreide formelt opna av varaordførar Geir Helge Østerbø. Økonomisk støtte frå næringsliv, organisasjonar og privatpersonar var stor, også soknerådet fann det interessant å vere med. Hytta kom opp i rekordfart, med mykje dugnad. Fuglsetfjorden Bygdekvinnelag diska opp med betasuppe m.m. på opningsdagen. Geir Søreibø var utfordra til å tale, og han hadde laga ti punkt om kva hytta kan vere for fastbuande og tilreisane.



Foto denne sida: Terje Søreide



## Åsenutsikta

**For fastbuande og tilreisande skal ein tur til denne hytta vere:**



*Ein invitasjon til turglede og naturopplevingar*

*Ein presentasjon av det vakre som strålar fram frå fjordar og lier*

*Ei avdekking av mangfaldet av liv i skogen og på myrane*

*Ein inngang til ettertanke og samtale med tre og fjell*

*Ein stad der vi søkjer freden rundt oss og inne i oss*

*Eit treffpunkt for ulike menneske frå bygd og by*

*Ein arena for prat om viktige og uviktige ting i livet*

*Ein groplass for skaparkraft og nye idear*

Vi håpar hytta blir mykje brukt og inviterer alle til gudsteneste 2. juni når snøen er vekke og sommaren er her.



## Lavik sokn:

### Mat og prat

Denne gongen samtalte Geir Sørebo med Jens Friis om livet, trua og tvilen.



### Minikonfirmantar i Lavik

Denne flotte gjengen med 4.-6. klassingar har vore på minikonfirmantsamlingar på Lavik kyrkjekontor nokre tysdagar rett etter skuletid i vinter. Då har dei laga Kristuskrans, øvd på å finne fram i Bibelen, lært om både dåp og nattverd og sunge minikonfirmantsongen:



*Tett ved sida mi går Jesus.*

Utan mat duger heller ikkje minikonfirmantar, og fast meny har vore pølser og brød.

No ser mange fram til **minikonfirmantleiren på Alværa 19.-21. april.** Der vil dei også

møte minikonfirmantar frå Balestrand, Høyanger, Kyrkjebø og Hyllestad.

### Tårnagenthelg i Lavik i januar

Tårnagentane sette verkeleg sitt preg på gudstenesta i Lavik 21. januar. Dei deltok både med lesing, drama og song. Det er sjeldan at tårnagentsongen har lydd så godt i Lavik kyrkje.

Takk til tårnagentane som var med å gjere det til ei flott dåpsgudsteneste for Ada og velkomstgudsteneste for prestediakonen, Inger Cecilie Fitje.



Foto denne sida: Toril Lange

### Vinterleir på Alværa

Første helga i vinterferien var det barneleir for 2.-7. klasse på Alværa. Av dei 23 deltakarane på leiren var 13 frå Høyanger, Ortnevik og Lavik.



### Påskevandring rundt Lavik kyrkje

Også denne påska vil det henge 14 plansjar på kyrkjegarden og rundt kyrkja. Tema for plansjane er Jesu krossvandring. Vaksne vert ønskt velkommen til ei stille vandring rundt kyrkja.

I tillegg inviterer soknerådet også borna/unge til å vere med på påskevandringa. Dei vil finne eit oppgåveark med ei oppgåve til kvar

plansje, som dei kan gjere.

Oppgåvearket leverast inn seinast påskeaftan og alle er med på trekninga av påskesnop

### Arrangement på Alværa Leirar

Familieleir: 31. mai – 2. juni

Sommarleir for 2.-7. klasse:

24.-26. juni

Meir informasjon på [nmsu.no/leir](http://nmsu.no/leir)

### Alværastemnet laurdag 15. juni

Stemnet startar med gudsteneste kl.

11.00. Deretter vert det middag,

ettermiddagssamling, årsal og kaffi. Det vert også årsmøte for Alværaforeninga.

Meir info kjem seinare på [www.alvera.no](http://www.alvera.no) eller facebook-side: Alværa Misjonscenter.



## Sommardrift på Alværa

Frå 28. juni til 22. juli vil Alværa halde ope for overnatting/frukost. Det vert søndagsmiddag i same tidsrom.

Alværa har også 2 hytter som kan leigast.

Info: heimeside og Facebook.

## Kyrkjebø sokn:

### På kyrkjegardsvandring?

I ei verd der nyhende-meldingane kvar dag bringar inn i stovene våre naturkatastrofar og menneskeskapte konflikhtar og katastrofar, så treng me alle



ei stille stund i friluft no og då. Me ser at særleg mange i påskeveka går ein runde eller to på kyrkjegarden, for å stelle sine graver, men òg for å få tid til ro og refleksjon.

Dei som gjer det på Kyrkjebø vil, også i år kunne sjå oppslag i nummerrekkefylgje, som fortel bibelhistoria frå påske til pinse i nokre korte, illustrerte tekstar.

Dei som har vitja gravplassen tidlegare vil gjerne leggje merke til at i aust er det no opnare og lysare enn tidlegare idet nokre store tre er felte, og nokre er "friserte" ned.

Soknerådet håpar dei som vitjar plassen nyt både freden, påskevandringa og Lyset!

### Mørket som vert til lys – påskeaftan på Kyrkjebø

I fleire av kyrkjene i kommunen vår er det på ulike tidspunkt i påska gudstenester med spesielt innhald. Det er naturleg i denne største av alle kristne høgtider.

På Kyrkjebø er det påskennattsgudsteneste. Dette er ei synleggjering av det som er hovudbodskapen i vår lære og tru, nemleg overgangen frå djup fortvilning og mørke for menneska - til glede ved lyset og frelsa som kom i oppstoda påskemorgonen! Denne messa har etterkvart vorte ein tradisjon påskeaftan. Er den ny for deg, så lat dette verte fyrste gongen du og dei du tek med deg opplever mysteriet på denne måten. Har du vore med tidlegare år? I så fall kjenner du liturgien, og vil likevel kunne oppleve det alltid nye og store i påskebodskapen i ei stemningsfull gudsteneste denne kvelden, der me syng oss ut til lovsongen for den Oppstadne.

### Juleminne:



Foto denne sida:  
Irene Aase Aarseth



## Høyanger sokn:

### Babysong i Høyanger kyrkje

Annan kvar måndag frå kl. 11.00 til 12.30 møter mødre og fedre med borna sine til ei hyggjestund med song og sosial kontakt. Datoar framover er: 15. april, 29. april, 13. mai, 27. mai og 10. juni. Hjarteleg velkommen! Heike Müller



### Tårnagentar

3.-4. februar skulle det vere Tårnagenthelg i Kyrkjebø kyrkje. Alt var klart, og vi gledde oss til opplegget. Så gjekk det eit stort ras, og samlinga måtte avlysast. **Veka etter blei alle 3.klassingar frå Kyrkjebø/ Vadheim og Høyanger invitert til felles Tårnagentsamling i Høyanger kyrkje.** Vi koste oss masse og utforska kyrkja frå kjellar til tårn. Det var imponerende at alle vågde seg opp



til det 38 m høge tårnet. Tusen takk til Aud som var med og til Claudio som stilte opp som grillmeister så vi kunne kose oss med pølse og Marshmallow.



### Kids-klubb

Anna kvar fredag møtast 6.klassingar til Kids-klubb i Høyanger kyrkje. Etter ei lang skuleveke set vi oss ned og et i lag. Når kreftene er tilbake, jobbar vi med tekstar og forteljingar i

Bibelen, syng, lagar dramastykke, har trusvandringar og gudstenesteverkstad. Det ser ut til at borna likar seg i kyrkja. Samlingane blir avslutta med leik og kreative aktivitetar.

### Nytt i Høyanger: Nattkafé

Høyanger sokneråd har starta opp med Nattkafé for ungdom frå 16 år ++. Anna kvar laurdag opnar vi Ungdomsklubben sine lokale frå kl. 22.00 og utover. Her blir det gratis forfriskingar og enkel servering. På Nattkafeen kan ein nytte dei forskjellige tilboda som er i klubben t.d. Biljard , Play Stasjon , spele spel eller kort o.s.v. Velkommen!



## Nytt frå kyrkjeverja:

**No er me godt i gang med det nye året, 2024. Starten av året er ofte prega av å gjere opp status for året som gjekk og stake ut kursen for det nye.**

Vi hadde ein travel desember og januar på gravferdsfronten. Dette gjorde at den nyttilsette diakonen i prestestillinga for Lavik og Bjordal og Ortnevik og måtte steppe inn og avhjelpe situasjonen i Høyanger – der trykket var aller størst.

At det var kaldt i desember og at våren også var kjøleg gjorde at 2023 vart eit utfordrande år for fyringsutgiftene i kyrkjene. Dette syner godt att i rekneskapen. Her må vi øve oss på ENØK, for uansett er det mykje pengar å spare her. Med erfarne kyrkjetenarar tenkjer eg likevel at vi skal klare å sikre at kyrkjene er varme når det kjem gjester.

No er nye sokneråd og det nye fellesrådet godt i gang. Årsmøta i dei ulike sokna er i ferd med å bli avvikla. Aktiviteten i kyrkjelydane er jamt bra og her er mykje å bygge på. Med trusopplærar i fast stilling og nyttilsett diakon så er det rom for nytenking!

Nytenking kan og prosessen med å skaffe kantor/organist gi. Gerda Otterstein har sendt si endelege oppseiing og stillinga er ledig frå og med 15. mars. Me er takksame for den jobben Gerda gjorde, og fellesrådet vil finne eit tidspunkt å invitere henne og få takka ho av på ein skikkeleg måte.

Underteikna ser fram til å ha ein fast medarbeidar for kyrkjemusikken, sjølv om



eg er takksam for alle musikanane som velvillig hjelper til. Det vil og vere bra for det kyrkjelege arbeidet at ein får ein kyrkjemusikar i fast stilling att.

Høyanger kommune er i ein uvant vanskeleg periode reint økonomisk. Det gjer

også noko med økonomien til fellesrådet. Me har fleire store prosjekt framfor oss og må tenke lurt om bruken av ressursane. Samtidig vil eg nytte høve til å oppmode deg som medlem i kyrkja til å slutte opp om dugnadene vi har på dei ulike gravstadane og kyrkjegardane. I år vert det og bruk for dugnadsinnsats for å måle Høyanger kyrkje – og til å førebu Ortnevik kyrkje til 100-årsjubileet i oktober 2025. Det vart gjort mykje godt arbeid på dugnad i 2023 – og eg har særskilt merka meg arbeidet på gravplassen i Vadheim. Her har fleire gjort ein flott innsats for at det skal bli lysare, trivelegare og enklare å kome seg fram.

Dette håpar eg at folk i Vadheim har lagt merke til, og at det kan smitte over på engasjementet for bedehuskapellet der. Dette er eit sentralt og flott bygg midt i Vadheim sentrum. Bygget er i privat eige, og fellesrådet har ikkje ressursar eller mynde til å ta ansvaret for dette. Kyrkja ynskjer aktivitet her, men ein opplever at ansvaret for bygget heng på nokre få enkeltpersonar. Her trengst engasjement!

## I GLEDE OG SORG

### DØYPTTE

#### **Bjordal, Ikjefjord grendehus**

26.12.2023 Mari Eseosa Håland

#### **Høyanger kyrkje**

25.02.2024 Malene Aardal Fjelde

10.03.2024 Thilde Torvanger Wangensteen

#### **Kyrkjebø kyrkje**

14.01.2024 Tiril Moldestad Forfod

03.03.2024 Olav Dregelid

#### **Lavik kyrkje**

21.01.2024 Ada Bosdal Breidvik



### DØDE

#### **Høyanger**

18.05.1926 - 16.11.2023 Aase Birgith Lauvsnes

14.10.1925 - 20.11.2023 Sofie Gjertrud Aaen

28.06.1941 - 24.11.2023 Aslaug Vedvik

15.09.1939 - 07.12.2023 Bjørg Wenche Eivindsen

12.03.1949 - 10.12.2023 Magnar Wøien

14.10.1935 - 24.12.2023 Pernela Hjetland

30.01.1948 - 04.01.2024 Kjell Harry Joranger

02.01.1941 - 05.01.2024 Eirik Prytz

01.04.1933 - 09.01.2024 Gerd Skudal

19.01.1934 - 15.01.2024 Gunvor Andersen

05.04.1954 - 17.01.2024 Terje Magnar Veum

11.09.1951 - 11.02.2024 Joar Øverdal

#### **Kyrkjebø**

21.08.1923 - 27.11.2023 Klara Borgny Haugen

30.10.1932 - 04.12.2023 Sigvald Asbjørn Frivik

12.12.1968 - 22.12.2023 Rune Kyrkjebø

31.05.1931 - 18.01.2024 Målfrid Kristiansen

30.01.1939 - 03.02.2024 George Istvan Potornai

#### **Vadheim**

14.10.1925 - D.20.11.2023 Sofie Gjertrud Aaen

23.05.1945 - D.12.01.2024 Hildur Evelyn Sagen

#### **Lavik**

07.07.1942 - 29.11.2023 Olav Dale

15.06.1954 - 10.12.2023 Øystein Inge Andersen

02.07.1949 - 21.12.2023 Aud Marit Bjørkhaug



Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.  
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!  
Hebr. 10.23-24.

## Gudstenester

- **24. mars – Palmesøndag**  
kl. 16.00 Kyrkjebø v/ A. Ester
- **27. mars – Onsdag før påske**  
kl. 17.00 Ortnevik kyrkje  
Påskesamling v/ I.C. Fitje m.fl.
- **28. mars – Skjærtorsdag**  
kl. 19.00 Lavik  
Påskemåltid v/ A. Ester
- **29. mars – Langfredag**  
kl. 17.00 Høyanger,  
Krossvegmeditasjon v/ A. Ester
- **30. mars – Påskeaftan**  
kl. 23.30 Kyrkjebø,  
Påskennatt v/ A. Ester
- **31. mars – 1. påskedag**  
Kl. 11.00 Lavik v/ I.C. Fitje  
kl. 16.00 Bjordal v/ I.C. Fitje
- **3.april – onsdag**  
kl.18.00 v/ A. Ester
- **11.april** Torsdag kl.17.00 Kyrkjebø  
sjukeheim v/ A. Ester og I.C. Fitje
- **14.april - 3.søndag i påsketida**  
kl.11.00 Høyanger A. Ester
- **21.april - 4.søndag i påsketida**  
kl.11.00 Bjordal v/ I.C. Fitje  
Kl.12.00 Alværa,  
Minikonfirmantleir
- **28.april - 5.søndag i påsketida**  
kl.11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester
- **1.mai - Arbeidarane sin dag**  
kl.18.00 Høyanger v/ A. Ester
- **5.mai – 6.søndag i påsketida**  
kl.11.00 Høyanger  
Dåpsgudsteneste v/A. Ester
- **9.mai - Helgetorsdag**  
kl.11.00 Lavik,  
konfirmasjon v/ R. Matsui-Li
- **11.mai - Laurdag**  
kl. 11.00 og 13.00 Høyanger,  
konfirmasjon v/ A. Ester
- **12.mai - Søndag før pinse**  
kl.11.00 Bjordal,  
konfirmasjon v/ R. Matsui-Li
- **17.mai - Nasjonaldagen**  
kl.10 Høyanger v/ A. Ester,  
kl.11.30 Vadheim v/A. Ester  
kl.13 Kyrkjebø v/ A. Ester  
kl.11 Bjordal v/ I.C. Fitje,  
kl.13. Ortnevik v/ I.C. Fitje  
kl.13.15 Lavik
- **18.mai - Pinseaftan** kl.11.00  
Kyrkjebø, konfirmasjon v/ A. Ester
- **19.mai - Pinsedag** kl.13 Vadheim,  
konfirmasjon v/ A. Ester
- **20.mai - 2. Pinsedag** kl.15.15  
Måren v/A. Ester
- **2.juni - 2.søndag i treeiningstida**  
Dagsturhytta på Søreide v/ I.C. Fitje  
Kl.12 Norevik v/ R. Matsui-Li
- **15.juni** kl.11.00 Alværa,  
Alværastemne
- **16.juni 4. søndag i treeiningstida**  
kl.12 Høyanger kyrkje Sommarfest  
v/A. Ester
- **30.juni 6. søndag i treeiningstida**  
kl.11.00 Lavik v/ I.C. Fitje



**NB:** Det kan skje endringar! Følg med på Facebook eller på: [www.kyrkja/hoyanger/](http://www.kyrkja/hoyanger/)

**INFORMASJON** Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

## Fasteaksjonen 17.-19. mars gir håp til mange



Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode.

Foto og tekst: Kirkens Nødhjelp

15 år gamle Rachelle El Debs var ein av dei som mangla vatn i Libanon..

– *Eg elskar familien min, landsbyen og landet mitt. At eg kanskje må forlate alt, er heilt forferdeleg å tenkje på, seier ho.*

Vi er i Deir El Ghazal, heilt på gre Berre fjella skil. Her kunne dei sj føre seg mellom IS og libanesisk – *Sjå kor vakkert det er. Det er du staden på jord, ikkje sant? Fjelle Eg kan ikkje kome meg fort nok i smiler Rachelle El Debs og ser ut Bekaadalen.*

Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachelle får kjenne det på kroppen.

Området Rachelle bur i har vore utan vatn i 40 år, og alt drikkevatt har kome med lastebil ein gong i veka.

I dag har Rachelle tatt oss med på tur opp i fjella, vi er på 1300 meter over havet. Turen er ikkje tilfeldig valt, ho vil nemleg vise oss ein vasstank på 800.000 liter, som gjev vatn til landsbyen hennar på nesten tre tusen menneske. Både syriske flyktningar og libanesarar.

Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn. Dei hadde ein 300 meter djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifte han.

Takk vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kunne KN syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrøyr.

Ein av dei som har stått for utbygginga, er vass-sjefen vår i Libanon, Sanaa Al Asaad. Ho er sjølv frå Syria, og for henne er det ekstra viktig at både flyktningar og lokalsamfunn får nytte godt av vatnet på grensa til heimlandet. – *Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min, seier Rachelle og smiler bort til Sanaa.*

gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, kan vi syte for reint vatn til endå fleire som Rachelle. Det er håp i ein droppe vatn!

**DET ER HÅP I EIN DROPE VATN**

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og gje vatn til dei som treng det mest!

**VIPPS til 2426**

**KIRKENS NØDHJELP**  
Nødhjelp